

## Lyngsviing/lyngbrenning

### Er det lov å gå i gong med lyngsviing/lyngbrenning?

Lyngsviing/lyngbrenning bør utførast i tidsrommet mellom 15. september og 15. april. Ein må avklara med lokalt brannvesen då aktiviteten er svært synleg på lang avstand, og brannvesenet kan få inn mange unødige meldingar om brann.

I tida 15. april til 15. september må ein ha løyve frå brannvesenet før ein kan gå i gong med lyngsviing/lyngbrenning. Dette er lovfesta i brann- og eksplosjonsvernlova § 5 og i forskrift om brannforebygging § 3.

Er ein uforsiktig ved bruk av open eld, kan dette føre til straff- og erstatningsansvar.

Det er viktig å merke seg at lokal forskrift i kommunen kan avgrense eller gje forbod om lyngsviing/lyngbrenning. Er du usikker, ta kontakt med din kommune/brannvesen.

### Kva må den som er ansvarleg gjere før ein tek til (eigen vurdering av risiko)?

Lyngsviing/lyngbrenning skal vere godt planlagt. Den skal gjennomførast på ein forsvarleg måte, og i samsvar med skjøtselsråd fastsett av Fylkesmannen (sjå informasjon hjå Fylkesmannen, link på slutt av dokumentet) . Du må utarbeide skriftlege planar og gjennomføre tiltak for å redusere risikoen ved brenninga. Her må det kome tydeleg fram korleis du tenkjer lyngbrenninga/lyngsviinga skal gjennomførast, samt at du har nok folk og teneleg sløkkjeutstyr til alle. I tillegg må det vere utarbeidd eit kart som viser tydeleg i kva for område den planlagde lyngbrenninga/lyngsviinga finn stad, eventuelle branngater og kva for andre naturlege hindringar som er i det aktuelle området. Berre ein skal leia sjølve lyngsviinga/lyngbrenninga. Alle skal vere samde om planane og gjennomføringa, samt veta kven som har kommandoen for lyngsviinga/lyngbrenninga.

Ein må ta omsyn til hekkande fugl og dyre- og planteliv generelt. Dersom ein planlegg brenning i verneområde for fugl, skal ein kontakta Fylkesmannen ved miljøavdelinga.

Hugs å melde frå til brannvesenet/kommunen når dagen kjem.

### Korleis søker ein om å få lov/gjer avklaring med brannvesenet?

Søknadsskjema finn du på slutten av denne teksten, og utfylt skjema samt aktuelle vedlegg sender du til ditt brannvesen/kommune i god tid. Med god tid meiner ein 3 veker før. Dersom véret tilseier at lyngsviininga/lyngbrenninga ikkje kan gjennomførast, til dømes mykje vind/tørke, må du melde frå om ny dato.

Ta kontakt med ditt brannvesen/kommune den aktuelle dagen og meld frå.

## Litt meir informasjon

### Kva er ei kystlynghei?

Kystlynghei er eit eige landskap som er forma av beiting, brenning og slått gjennom generasjonar. Områda ligg langs kysten, som regel med lite trær og med røsslyngen som dominerande vekst. I dei seinare åra er slike områder i endring. Der det før gjekk sauer og kyr på beite og heldt landskapet ope, har skog og kratt nesten teke overhand i dag. Særleg i kystområda skjer gjengroinga hurtig, og det kan vere brannfarleg.

### Lyngsviing/lyngbrenning

Der det ikkje er beitedyr lenger, er lyngsviing/lyngbrenning eit godt brannførebyggjande tiltak då ein held vegetasjonen nede. Slik brenning inneber likevel ein viss risiko for utmarksbrann. Med skog og anna utmark meiner ein alle område som ikkje er innmark. Eit døme på innmark er gardsplassar, hustomter, dyrka mark, engslått, kulturbeite og liknande område. Skogplantefelt har tidlegare vore definert som innmark, men etter ei endring i friluftsløva frå 1. januar 2012 vert skogplantefelt no rekna som utmark. Andre typisk område for utmark er skog, fjell og kystområde.

### Informasjonsfoldar frå Lyngheisenteret: Hvorfor er det viktig å brenne lyng?

[http://www.muho.no/sites/default/files/Brannbrosjyre%20%20Hvorfor%20er%20det%20viktig%20å%20brenne%20lyng%20org%20%201%20MB\\_0.pdf](http://www.muho.no/sites/default/files/Brannbrosjyre%20%20Hvorfor%20er%20det%20viktig%20å%20brenne%20lyng%20org%20%201%20MB_0.pdf)

### Informasjon hjå Fylkemannen.no:

#### Skjøtselsråd for lyngsviing/lyngbrenning av kystlynghei.

<https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/skjult-side---landbruk/tilskot-til-brenning-av-kystlynghei--gjeld-brenning-av-kystlynghei-som-vert-vinterbeita-og-som-er-registrert-i-naturbase/>